



Referat frå møte i Underutval for pleie- og omsorg i Voss lokalsjukehusområde.

Dato og tidspunkt:	08.02.2022 kl.10.00 – 11:30
Møtestad:	Teams
Møteleiar:	Madeleine B. Skjelde
Til stades:	<p>Voss:</p> <p>Tove Iren Vedå</p> <p>Voss sjukehus:</p> <p>Madeleine B. Skjelde</p> <p>Sissel Marie Finne: Medisinsk sengepost</p> <p>Ruth Veen Tveito: Kirurgisk sengepost</p> <p>Ulvik: Siw-Marlene Bolstad</p> <p>Eidfjord: Margunn Lægred</p> <p>Kvam: Elfrid Oma</p> <p>Vaksdal: Sigrunn Stamnes Vik</p>
Fråfall utan vara:	
Referent:	Tove Iren Vedå

Nr.	Saksliste	Sakstype <i>(Vedtak Drøfting Orientering)</i>	Vedlegg
01/22	Godkjenning av innkalling og saksliste	V	Saksliste

	Samrøystes vedtak: Underutvalet for pleie og omsorg godkjenner innkalling og sakliste med innmeldte saker.		
02/22	<p>Godkjenning av referat frå møte i underutvalet 21.10.21.</p> <p>Samrøystes vedtak: Underutvalet for pleie og omsorg godkjenner referatet frå møte 30.11.2021.</p> <p><i>Oppfølging til sak 19/21 knytt til «Informasjon om prosjekt relatert til ernæring på tvers av tjenestene. Ved prosjektleder i Ulvik og Eidfjord; Kristin Røen Fauske».</i></p> <p>Voss sjukehus spør om Voss herad har tatt stilling til om dei vil være pilot for prosjektet, representant frå Voss svarar at det er uklart kva prosjektet vil krevje, det er ikkje nye retningslinjer difor vanskeleg å beskrive kva ein har trong for av ressurs. Ulvik har fått eit utkast knytt til prosjektet, framleis uklart kva utkastets innhald vil få av betydning og eventuell oppfølging. Kristin Røen Fauske sin presentasjon er sendt ut.</p> <p><i>Oppfølging til sak 20/21 Solveig V. Stue har sendt Voss herad den 02.12.2021 eit motsvar til svaret som var overgitt 30.11.2021. Tove Iren Vedå er ikkje kjent med brevetts innhald.</i></p>	V/O	Referat
03/22	<p>Status for arbeidet vårt i underutvalet.</p> <p>Kva for saker skal vi jobbe vidare med i 2022?</p> <p>Samarbeidsrådet vil ha ein kort orientering om dette på neste møte.</p> <p>Saker om samarbeid ved inn- og utskriving er de sakene som oppleves mest nyttige av deltakarane i Underutvalet.</p> <p>Ulvik:</p> <p>Spørsmål om det er planlagt oppstart av kveldsundervisning frå sjukehuset side. Dette har lagt nede sidan pandemien starta. Så snart det er mulig vil Voss sjukehus starte opp igjen tilbodet. Kommunane blir inviterte til å delta.</p> <p>Kvam:</p> <p>Hospitering kan vere eit behov, og dette har ligget brakk under pandemien. Voss sjukehus ønsker at dette må gjerast på anna måte enn tidligare. Sjukehuset kommer</p>	O	

	tilbake til praktisk gjennomføring av gjensidig hospitering, og fordeling av midler til dette formålet.		
04/22	<p>Samarbeid/ samhandling om inn- og utskrivning av pasientar mellom kommunane og Voss sjukehus etter avtale.</p> <p>Er det utfordringar no?</p> <p>Til dømes har nokre kommunar har krevd negativ covid-test før pasientar skrives ut frå sjukehuset til institusjon i kommunen.</p> <p>Kvam og Vaksdal krever negativ test (dette er ikkje i henhold til rutinene).</p> <p>Vaksdal seier at det har vore eit ynskje grunna at dei har nytta seg av dobbeltrom. Voss sjukehus viser til retningsliner og samarbeidsrutine om testing før utreise.</p> <p>Kvam:</p> <p>Reknar med at det ei misforståing frå korttidsavdelinga si side i kommunen.</p> <p>Dei andre kommunane har ikkje krevd dette.</p> <p>Kvam:</p> <p>Ynskjer ei betre funksjonsbeskriving på pasientar dei ikkje kjenner så godt.</p> <p>Sjukehuset vil ta dette med tilbake til avdelingane. Frå sjukehuset si side er det også ein oppfatning at kommunane kan bli betre på dette.</p> <p>Vaksdal:</p> <p>Det er viktig at sjukehuset hugsar på at Hagahaugen ikkje er eller skal verte ei erstatning for rehabilitering i spesialisthelsetenesta. Kommunen ber om at sjukehuset vurderer om rehabiliteringsopphaldet kvalifiserer til opphold i spesialisthelsetenesta eller til kommunal rehabilitering. Kommunane kan kjøpe plassar på Hagahaugen.</p> <p>Voss:</p> <p>Roser sjukehuset for god opplæring i konkrete tilfeller, samt at sjukehuset har vore på tilbodssida i forhold til</p>	D	

	<p>repetering av prosedyrar ein sjeldan er borti. Voss sjukehus vil gje opplæring når kommunane har behov for det.</p> <p>Sjukehuset:</p> <p>Spør om kommunane har utfordringar i høve coronarelatert fråvær. Nokre kommunar har nytta seg av særavtaler knytt til kompensasjon, andre ikkje.</p> <p>Sjukehuset har i liten grad nytta seg av slike avtaler til nå.</p>		
05/22	<p>Aktuelle driftsendringar i kommunane/ sjukehuset som kan få konsekvensar for samhandlinga</p> <p>Voss sjukehus:</p> <p>Sjukehuset er i endring. Dei to kirurgiske sengepostane er no slått saman. Avd.sjukepleiar Ruth V. Tveito leiar ny Kirurgisk- og ortopedisk sengepost med 27 senger.</p> <p>Overvåkingen i tidlige Kirurgisk 5-døgnspost er blitt organisert under Intensiv avd., som nå har ansvar for all postoperativ overvåking ved Voss sjukehus. Ein del utbetring av areal er utført. Det blir mellom anna bygd nye venterom, samtalerom, nytt kjøkken og personalrom/møterom med video og anna aktuelt utstyr. Et spennande prosjekt, som er en del av nye Voss sjukehus.</p>	D/O	
06/22	<p>Ymse</p> <p>Kvam:</p> <p>Kommunen har starta opp med fagskule for helsefagarbeidere. Dette er eit samarbeid med Viken fylke. Dei har no ein klasse med 27 helsefagarbeidere. Det er ei vidareutdanning for autoriserte helsefagarbeidere, kor desse får kompetanse til å gjere fleire sjukepleieoppgåver etter endt utdanning. Undervisninga foregår på kveldstid mellom klokka 17:00 – 21:30.</p> <p>Kommunen har lyst ut ei stilling i modellutvikling klinisk ernæringsfysiologi. Denne stillinga skal være en ressurs for helsetenestene.</p> <p>Vaksdal:</p>	O	

	<p>Kommunen har tatt i bruk dobbelrom som følge av ombygging. Dei er i gang med å opprette eit demensteam/demenskoordinator i samarbeid med forvaltningskontoret.</p> <p>Ang. Ernæringsprosjektet, ta kontakt med Kristin Røen Fauske direkte.</p> <p>Møtedatoar for 2022 (førebers digitalt på Teams):</p> <p>10.05, 13.09, 29.11.</p>		
--	---	--	--

Tove Iren Vedå
Rådgjevar
Forvaltningskontoret
Voss herad